

Notat – oversending av tiltakstabell frå faggruppe Setesdal Austhei

Medlem i faggruppa (kven dei representerer i parantes): Torleif Homme (Setesdal Austhei vilreinlag), Dag N. Fagermyr (DNT Aust-Agder); Knut Gunnar Solli (Valle kommune), Per Wraa (Tokke kommune), Inger Ann Fidjestøl (Agder fylkeskommune, samferdsel), Øystein Kristensen (Agder fylkeskommune, analyseavdelinga) og Per Ketil Omholt (Statsforvalteren i Agder, miljøvernnavdelinga)

Mandatet til faggruppa var «å foreslå konkrete tiltak for å begrense forstyrrelsen på villrein i henhold til målområdene:

1. *Bedre/ivareta funksjonelle trekk for utveksling mellom villreinområder*
2. *Ivareta/bedre/gjenopprette funksjonaliteten i trekk i villreinområdene gjennom året*
3. Øke/gjenopprette bruk av tradisjonelle villreinarealer sør og vest for Blåsjø
4. Øke arealbruk i funksjonsområder med arealunnvikelse
5. Ivareta de urørte områdene som reinen faktisk bruker i dag. Disse må ivaretas slik at ferdsel og forstyrrelser ikke øker og disse områdene forringes.

Gruppa må jobbe på tvers av fagfelt som dei andre faggruppene har fått tildelt.

Arbeidet inneberer å:

- Foreslå tiltak som kan ivareta/betre villreinens mulighet til å opprettholde trekkmulighetene over Fv 450 ved Bjørnevatin.
- Foreslå endringar i for eksempel merking, driftsform, opningstider, informasjon, kanalisering osv. på merka stiar, løyper og hytter, for å redusere utfordringar med ulike type friluftsliv i dei mest sårbara områda for reinen gjennom året (kart).
- Foreslå soneringar der ulike typer av friluftslivsaktivitet kan, eller ikke bør, foregå igjennom året. Heimelsgrunnlag per i dag; kva kan gjerast og / eller kva må til.
- Vurdere ulike tiltak/ verkemiddel for å regulere friluftslivsferdsel i områder eller perioder der dette kan være nødvendig. For eksempel kalvings- og oppvekstområde, viktige trekkområder, viktige vinterbeite m.m. Heimelsgrunnlag per i dag; ; kva kan gjerast og / eller kva må til?
- Vurdere kompenserande tiltak sammen med andre aktørar der dette er nødvendig/mogleg/relevant.
- Estimere nytte/kostnad/ulemper ved en slik regulering.

Alle tiltak vi har drøfta, som er spesifikke for Setesdal Austhei, er kort forklart med faggruppa si korte vurdering i vedlagt matrise. I tillegg ønsker faggruppa å gi ei noko lengre forklaring for dei konklusjonane ein har landa på knytt til trekk over fv 450 (Bjørnevatin), trafikk på fv 450 og regulerte hytter ved Bjørnevatin.

Resten av dette notatet er knytt til desse vurderingane:

Kort om GPS-data og kryssing av fylkesveg 450 ved Bjørnevatin


I samband med at rein har vore GPS-merka har det vore ulike innstillingar av sendarane. I nokre oppsett har sendaren sendt eit GPS-punkt i døgnet (då typisk rundt kl 2300). Faggruppa har vurdert at det med utgangspunkt i så få GPS-punkt er vanskeleg å seie nøyaktig kor reinen har kryssa vegen. Rein kan bevege seg langt på 24 t, og det kan difor bli galt å trekke ei rett linje mellom to slike punkt. I samband med vurdering av nattestenging av vegen er det og vanskeleg å seie noko om når reinen kryssa vegen med eit punkt i døgnet.

Lenger ut i GPS-prosjekta har fokuset på kryssing av Bjørnevatn auka. I samband med dette har ein ønska og kunne sjå meir detaljert på korleis reinen kryssar fylkesvegen. I dei seinare oppsetta har difor GPS-sendaren sendt ein posisjon kvar 3 time når dei kjem tett opp mot fylkesvegen ved Bjørnevatn.

GPS-sendarane sender omkring kl 02, 05, 08, 11, 14, 17, 20 og 23. Me har difor registrera kryssingar i intervalla 02-05, 05-08, 08-11, 11-14, 14-17, 17-20, 20-23 og 23-02. På same måte har med registrert kryssingane som vest for Lisle Bjørnevatn (ved Bakkebu og ved Brakemo), mellom Store og Lisle Bjørnevatn (og vest over S. Bjørnevatn), over Store Bjørnevatn og aust for Store Bjørnevatn. Me har nokre få kryssingar som skjer for eksempel kl 11. Slike kryssingar registrerast i det tidlegaste tidsintervallet.

Totalt har me kartlagt 67 ulike kryssingar sørover og 55 kryssingar nordover (både 3 timers intervall og kor dei fysisk kryssa). Desse kryssingane har me brukta både for å sjå kor reinen kryssar vegen og på kva for eit tidspunkt reinen kryssar.

Frå torsdag 1. mars 2018 har Telemark fylkeskommune kontinuerleg teljing av trafikk over Skafsåheia kvar time i begge retningar. Talet på bilar, lengde på bilane og kva for veg bilen køyrar blir summera opp for kvar time. På same vis er det registrert data ved Rotemo, etter avkjøringa mot Dalen, frå og med 1. juni 2020. For å få eit bilet av trafikken på vegen har me vald å bruke data frå Skafsåheia, frå og med 1. mars 2018 til og med torsdag 23. Mars 2023, når me kjem med tall på trafikken på vegen.




Figur 1. Plasseringa av trafikktelefoner på Skafsåheia (kartutsnitt henta frå www.trafikkdata.atlas.vegvesen.no)

Nattestenging av fylkesveg 450 Dalen- Valle


Gruppa har diskutera fleire ulike alternativ knytt til nattestenging frå kl 23 til 05 på natta. Me har sett på moglegheita for stenging frå 05.04.-05.05, 25.04-05.05, 15.04-15.05 og 0 alternativet utan stenging av vegen i det heile.

Først viser vi et stolpediagram med kryssingar i tid (blå sørover, rød nordover, grå fordeling trafikk i løpet av heile året).



Figur 2: Når på døgnet reinen kryssar fv. 450 (blå =sørover, orange=nordover, grå= % andel av trafikken i løpet av hele året)

Det kryssar ein liten del dyr midt på natta, men som vi ser av figuren er det veldig lite trafikk på vegen i dette tidsrommet. Delen som kryssar om natta nordover er litt høgre, men det er ikkje så tidskritisk for dyra å komme kjapt over vegen når dei gjeng nordover. Som ein ser av tabellen under endrar ikkje bildet seg vesentleg i perioden da Brokke – Suleskar vegen er stengd. Trafikken om natta er faktisk noko lågare om natta når Brokke-Suleskar vegen er stengd. Det kan difor sjå ut som om at trafikk på natta spelar ei forholdsvis liten rolle i samband med kryssing av vegen. Eventuelt kan det tyde på at reinen treng meir en 6 timer med lite trafikk før det vert enklare for reinen å krysse vegen.



Figur 3: Når på døgnet reinen kryssar fv. 450 (blå =sørover, orange=nordover, grå= % andel av trafikken i perioden 1.11-20.05)

Faggruppa har difor landa på at det ikkje er tungtvegande grunner for å anbefale nattestenging av fylkesveg 450 i dei mest sentrale trekkeperiodane. **Faggruppa anbefaler difor 0 alternativet.**


Faggruppa har og kort diskutert døgnstenging av vegen for nokre dagar, men for det første er det vanskeleg å tidfeste når dyra trekkar sørover. I starten av GPS-prosjektperioden trakk dyra i starten av april, men i dei seinare åra har dei starta å trekke sørover mot vegen tidlegare og tidlegare. Perioden vegen må døgnstenge kan da bli ganske lang, og konsekvensane for folk på begge sider av heia er ganske alvorlege (det er ein lang omveg når fv. 450 er stengt).

Faggruppa har difor kome fram til at me ikkje vil anbefale å stenge vegen heilt i periodar pga. villrein. Det er andre og viktigare tiltak som bør prøvast ut først.

Bruk av ulike korridorar ved kryssing av fylkesveg 450 ved Bjørnevatn


På same måten som vi har kartlagt dei ulike tidspunkta reinen kryssar fylkesvegen har me og kartlagt kor på vegen reinen kryssar vegen.

I samband med dette har me delt opp vegen forbi Bjørnevatn i fleire segment som dyra kan bruke for å krysse over vegen. Kartutsnittet nedanfor syner dei ulike korridorane.



Figur 4: Avgrensing av dei ulike trekkkorridorane over fv. 450 ved Bjørnevatn

Fordelinga av reinen sine passeringar over vegen var som følgjer (67 passeringar sørover og 55 passeringar nordover).



Figur 5: Område reinen bruker ved kryssing av fv. 450 ved Bjørnevatn i % ((blå = sørover, orange = nordover)

Sørover er korridoren vest for Lisle Bjørnevætn den klart mest brukte, med området mellom Lisle og Store Bjørnevætn som ein klar nr. 2. Til saman kryssar 83,6 % av dyra i ein av desse korridorane på veg sørover. På veg sørover bruker reinen alle dei 4 korridorane (65,7; 17,9; 10.4 og 6,0).


Tilsvarande er korridoren mellom Store og Lisle Bjørnevætn den klart mest brukte på veg nordover, med området vest for Lisle Bjørnevætn som ein klar nr. 2. Til saman kryssar også 83,6 % av dyra vegen over desse korridorane på veg nordover. Korridoren øst for Store Bjørnevætn er ikkje blitt registrert brukt på veg nordover av GPS-merka dyr. Fordeling av dyr i % frå vest til øst er 23,6 %, 60 %, 16,4 % og 0 %.

Ut frå GPS-sporet kan det sjå ut som om reinen kjem sørover mot Bjørnevætn på ein breiare front en dei gjer på veg nordover. På veg sørover kan det sjå ut som om reinen enten kjem ned midt på Store Bjørnevætn eller ned mot Nasefjell lenger vest. Om dyra går til Nasefjell kryssar dei vest for Lisle Bjørnevætn, men om dyra kjem ned midt på Store Bjørnevætn går nokon mellom vatna, nokre over vatnet og nokre få aust for vatnet. Dyra kan bruke ein del tid før dei kryssar og kan bevege seg mellom dei ulike områda ein del.

På veg nordover kjem dyra ofte opp på Torvikheia og fram på brekket ned mot Store Bjørnevætn. Når dei kjem dit går dei stort sett alltid vestover. Enten følgjer dei vatnet og kryssar mellom Store og Lisle Bjørnevætn eller dei dreg lenger vest og kryssar vegen vest for Lisle Bjørnevætn.

Konklusjonen etter å ha undersøkt desse trekkkorridorane er at for å sikre eit varig trekk over fylkesveg 450 er det særskilt viktig å sikre korridoren vest for Lisle Bjørnevætn og området mellom dei to vatna.

Området vest for Lisle Bjørnevætn er i dag sikra ved at det ikkje er opne opp for hyttebygging i ein 4,5 km korridor langs vegen vest for Lisle Bjørnevætn. Så lenge føresetnene i kommuneplanen ikkje endrast, og det ikkje blir gitt dispensasjon i forhald til planen, vil det ikkje kunne byggast nye hytter i dette området. Faggruppa opplev at det ikkje er eit stort press på å få bygje ut hytter i denne korridoren nå. Samtidig kan det vere eit poeng å sikre korridoren vest for Lisle Bjørnevætn på ein sterkare måte en det man har i vedtatt kommuneplan. *Dette tiltaket har ikkje faggruppa drøfta, men denne korridoren er særskilt viktig for villrein og trekket på Austheia og ein må kanskje sjå på betre måtar å sikre denne korridoren mot utbygging.*




Figur 6: Regulerte hyttetomter som det ikkje er bygd hytte på ved Bjørnevætn (kjelde: kartløsing Arealregnskap Agder 2022 (<https://experience.arcgis.com/experience/cba439c6059c470683864a7c17ca4f94>))

I området mellom Lisle og Store Bjørnevaton er det i dag i kommuneplanen opna opp for at ein kan bygge opp mot ca 100 hytter. Ei slik utbygging vil på mange måtar stenge igjen det mest brukte trekkområdet for reinen på veg nordover. I tillegg vil ferdslle frå om lag 100 store hytter også kunne påverke villreinen klart negativt. Det er eit spørsmål om dyra vil trekke så lang nord på Torvikheia at dei finn fram til korridoren vest for Lisle Bjørnevaton. Om dyra ikkje finn denne korridoren vil trekket over fylkesvegen over Bjørnevaton stoppe opp.

Med dette som utgangspunkt meiner fleirtalet i gruppa at det er rett å anbefale at man finn ein måte å kompensera grunneigarane på, slik at det ikkje blir seld fleire hyttetomter mellom Store og Lille Bjørnevaton. Mindretallet i gruppa meiner at reinen er sikra gjennom trekkorridoren vest for Lille Bjørnevaton. Dyra vil finne fram til denne korridoren, ein god del av dyra brukar han i dag, og vil kunne fortsette å trekke vest for Bjørnevaton sjølv om dei planlagde hyttene blir bygd mellom Lisle og Store Bjørnevaton. I den samanheng har dyra betre tid på vegen nordover og kan difor bruke noko lenger tid på å finne ein trekkorridor utan at dei blir skadelidande i for stor grad.

Regulerte hyttetomter ved Bakkebui

Det er i faggruppa også teke opp at ein bør sjå på moglegheita for å kjøpe opp ubygde hyttetomter ved Bakkebui (ved vestre del av trekkorridoren på 4,5 km). Reinen trekk i periodar tett på dagens hytter i dette området. Ei fortetting / utviding av regulerte hytter i dette området vil ha negativ effekt på reinen si bruk av den vestre delen av trekkorridoren.



Figur 7: Regulerte hyttetomter som det ikkje er bygd hytte på ved Bakkebui (kjelde: kartløysing Arealregnskap Agder 2022 (<https://experience.arcgis.com/experience/cba439c6059c470683864a7c17ca4f94>))

Faggruppa anbefaler at man også finn ein måte å kompensera grunneigarane på, slik at det ikkje blir seld fleire hyttetomter ved Bakkebui.